

Sædalen Kyrkje opnar seg mot bygda og inviterer «INN I VARMEN».


Eit stort utkragande tak byr for le for regnet, glasfasaden skal gjere skiljet mellom ute og inne mindre tydeleg og "terskelen låg" for å delta.

Kyrkja vert ein lun gapahuk mot veret. Aktiviteten der inne teiknar seg tydeleg i ljuset mot den mørke åsen i bakgrunnen.

Det er i kontrasten mellom det sterke beskyttande ytre og det mjuke ljose indre at Sædalskyrkja sin identitet kjem til sin rett.

Kyrkja er forma for å romma mange ulike aktivitetar samstundes - slik at den vert full av liv.

Den er samlingspunkt og sentrum - ei lanterne i landskapet - den natrulege møtestaden for alle.



SNITT SITUASJON 1 : 500



SITUASJONPLAN 1 : 500

- | | |
|---------------------------|---|
| 1 Kulp, nedløp for bekken | 6 Tilkomst garasje |
| 2 Vannspeil | 7 Knausen som bevarast |
| 3 Forplass | 8 Amfi/overdekkta uteplass |
| 4 Kyrkjebakke | 9 Plass med HC parkering (og som snødeponi) |
| 5 Plass, sti mot skogen | |

LANDSKAP OG UTEPLASSAR

Ein liten knaus med lyng, buskar og tre avgrensar kyrkjetomta frå parkeringsplassen og butikken. Vidare bakover stig terrenget inn gjennom skog, myr og åsar mot byfjella i nord.



Kyrkja skal få liggja i dette skiljet, mellom naturen og "den bygde" bygda, i le bak haugen. Bekken har gjennom åra skifta løp, truleg også påverka av vegbygginga i Sædalsvingande i si tid.

For å gje plass til ei kompakt kyrkje er det foreslått å leggja djupålen på bekken attende til det vestlege laupet. Ved å byggja ein terskel, er det råd å laga eit vannspeil som både magasinerer vatn, gjev opplevingsverdi og leveområde for dyr, som ender og fisk.

Kantane kring dammen kan vere fine å sitje på, dei må tilpassast flaumlaupet. Den låge sletta mellom bekken og Kyrkja vil kunne vere ein fin plass og ein bra inngangsport til turar i skogen og til fjells.

Under det store utkragande taket mot vest vert det alltid le for veret. Her er benker og steinar som "amfi" opp mot haugen. Kyrkjebakken har også steinar som vern og som fine plasser å sitje.

Plassen i sør vert meir daglegdags; parkering for kort opphald, tilkomst og varelevering.



KOMMUNIKASJON

Tilkomsten langs den breie kyrkjebakken lyfter den besøkjande opp til plassen mellom kyrkja og knausen og inn i bygget. Her er litt for bratt for universell utforming, derfor har ein også tilkomst rundt haugen i sør, med lågare helling.

"Inn i varmen" har to hovudingangar:
 - Den seremonielle: Kyrkjedøra i vest, her er "døri høg og porten vid". Her kjem brurefylgjet inn og her bærerast kista ut. Inngangen skal også fungere i det daglege, slik at ein like godt kan nytta denne døra dersom ein skal på konfirmantførebuing.

- Den daglege: Inngangen i sørenden er for dei tilsette, dei som skal treffa presten eller dei som skal på akitvitatar. Her ligg trapp og heis. Ved større arrangement vil dei som skal på aktivitetar måtte bruka dagleginngangen



MATERIALBRUK

For å gje kyrkja den ynskte "hetta" er det naudsynt å gje henne ei sterk og varig kledding. Den bør framstå slik både praktisk og estetisk. Kontrasten til dei varme og ljose materialane inne vil understreka det fine og omsluttande ved å bli med "inn i varmen". Kyrkja kan byggjast hovudsakleg i tre, og ein vil freista å gjennomføra både konstruksjon og overflater i massive tre-element.

Vidare byggjer framlegget på intensjonen om å "byggja på Grunnfjellet". Det ein står på skal vere vere hardt og stabilt som berget sjølv. Ved å bruka stein og betong som golv og "møblering" kan kyrkja framstå som endå tryggare og meir forankra i staden.

Store rettanta steinar kan vere benker / bord / pullertar osv. ute. Dei kan endåtil vere alter og døypefont inne. Stein er lokalt og tradisjonelt og den minnar oss om naturen og forklarar overgangen til den.

Over det harde og jordnære ligg den lette "hetta" av tre, med ei god tett og varig sydvest av kopar eller sink.

Innvendige overflater vil vera enkle, tradisjonsbundne og sjølvforklarande; stein, betong og tre. For å byggja dei mange skiljeveggene tenkjer ein å bruka foldevegger i glas eller tette felt med absorbertar. Glasveggene har skinner slik at dei kan flyttast og parkerast ulike stader. Det ligg også gardiner parallellt med glasveggene, slik at dei kan hindra innsyn, gjera romma "lune" og bidra til demping av lyd.


I framlegget er det teikna inn Jacob-stolar frå HovDokka, dei er stoppa slik at akustikken i rommet skal vere nokolunde lik om kyrkja er tom eller fullsett.



PLAN 2. ETASJE

	BRA	BTA
301 Stort aktivitetsrom, minikjøken og scene	120	
302 Middels aktivitetsrom - "dei unge sitt torg"*	101 (70)	
303 Lite aktivitetsrom for musikk	31	
304 Garderobe, toalett og trapperom	31	
305 Lyssjakt til dåpskapellet		
SUM	283	319


* Ein ser for seg at rom 302 kan fungere i dei fleste samanhengar som open, der rom 301 og 302 kan myldra ut og "henge", men også nyttast som opphald og for aktivitetar. Rommet kan delast av til ulike storleikar - med skyvbare vegger.



PLAN 1. ETASJE

	BRA	BTA
201 Kyrkjeskip med kor	208	
202 Torg med hovudinnang og kafe	164	
203 Lager under trappa	10	
204 Garderobe og toalett	27	
205 Kjøken og lager	28	
206 Inngang med trapperom og gang	47	
207 Bøttekott	3	
208 Kontorplassar	12	
209 Prestesakresti	13	
210 Dåpsakresti	16	
211 Toalett og stellerom	4	
212 Teknisk og lager*	14	
213 Gang med bakstage	19	
SUM	565	600

* avsett plass til orgel er stipla



2. ETASJE - AKTIVITETAR

Å ha stor takhøgde er ein føresetnad for gode lydtilhøve og kjensle av høgtid. Derfor har omlag halve kyrkja dobbelhøge rom (eller meir)

Aktivitetsromma er lagt i andre høgda, sør for skipet og den høge delen av torget. Me "lyftar dei unge opp - og viser dei fram!" På dette viset har dei utsikt mot bygda og oversikt over torget.

Tanken er at det middels store aktivitetsrommet kan fungere som ein heva del av torget, det kan lukkast av ved behov, men i det daglege kan det like gjerne vere "hang out" for dei unge. Eit møte eller ei korøving kan fungere godt og skape stemning i eit ope rom sjølv om det hender ting andre stader i huset. Det er likevel teke høgde for at rommet skal kunne lukkast heilt.

Det store rommet har stor takhøgde og vil kunne vere ein konsertsal i seg sjølv. Eit avsett område, ei "funksjonslinje" langs langveggen kan romma minikjøken, lagring, orgel, datarom eller det kan opnast luker som eit lite galleri mot salen? Ein del av dåpskapellet har to etasjar, og avgrensar slik sett litt av plassen i hjørnet i aust. Det store rommet kan også brukas ilag med det mellomste.

Musikkrommet ligg lengst vekk frå kyrkjeskipet, slik at det vert lite forstyrringar mellom dei. Direkte tilkomst frå trapperommet også her.

Kontorplass som er tenkt ilag med aktivitetsromma, er lagt ilag med sakrestia nede, slik at dei ligg meir sentralt i bygget.

1. ETASJE - KYRKJA OG TORGET

Alle funksjonar som som vender seg til bygd og kyrkjelyd, ligg mot vest og vender seg slik sett mot Sædalsbygda.

Glasfasaden er inntrekk under eit stort utkragande tak, og skal gje eit inviterande og ope preg. Her er to romslege inngangsdører, som truleg kan stå opne det meste av tida. Det samlande torget med stor takhøgde ligg innanfor med alle sine høve for treff og opphald. Stor open trapp leiur opp til andre høgda der ungdomen har sitt myldrerom.

Kyrkjerommet ligg orientert vest-aust, med inngang gjennom nordre del av torget. Skipet kan delast heilt eller delvis av. Ein kan også dela av skipet slik at dei bakste 3 stolradene vert del av torget. I skipet er det plass til 240.

Det store, trivelege torget byr på mange opplevingar; frå hyggjeleg kafe og peisestove, til høgtidsstemt konsert frå trappa.

I planløyninga vert rom som ikkje krev dagslys lagt i ein "kjerne" i midten. Denne handterer servicefunksjonar til begge sider; mot publikumsareala i vest, og mot sakrestri og kontor i aust.

Inngang med trapp og heis ligg i sør, ved inngang som er delt mellom tilsette, dei som skal på akitvitatar eller snakka med presten. Løyninga gjev praktisk og god tilkomst med gode arbeidstilhøve også for presten og dei andre tilsette.

U. ETASJE - GARASJE OG ALLROM

Forslaget illustrerer ein litt større parkeringskjellar enn fotavtrykket av sjølve bygget, men vil i si heilheit vere under terrengnivå. Det er tilkomst frå vest, ved innkjøring til Coop. Slik vil ein spare plass; tilkomststrampen vert kortare enn om ein køyrer inn i aust-enden av tomta slik reguleringsplanen legg til grunn.


I utgangspunktet kan kjellaren sjåast på som eitt stort fleksibel rom. I framlegget er det skissert ei løysing som er oppdelt med naudsynt parkering mot sør, inngang, lagring og tilkomst til teknisk i hjørnet mot aust. Heile arealet under skipet kan då brukast som aktivitetsrom. Her får ein dagslys inn frå nord; der plassen ved bekken ligg.

KUNST OG LITURGISK INVENTAR

Grunntanken er å bruka lys. Ved å ta ned dagslys gjennom taket, gjerne sende dette ned korveggen med spegl og prismet, kan det utspela seg eit bilete som endrar seg gjennom dagen, årstidene og veret. Å bruka kunstig lys i tillegg vil vere naudsynt. Det kan vere inspirerande å sjå måten Olafur Eliasson eller Peter Erskine har arbeidd med lys.

Bakveggen i koret kan ha eit varsamt relieff som teiknar former etter-rom lyset felle skrått inn på den. På det vist framstår Korset tydelegare. Kanhende andre former kjem til syne også?

Som arkitektar er med spente på og opne for kva eit samarbeid med kunstnar kan gje i møte med kyrkja. Derfor er det så langt kun laga eit rom, eit "lerret" der uttrykket kan finna si form.



PLAN U-ETASJE

	BRA	BTA
101 Innkjøringsrampe med port	70	
102 Parkering bil og sykkel	322	
103 Aktivitetskjellar	209	
104 Teknisk rom	70	
105 Lager	48	
106 Gang med stol/bordlager	42	
107 Trapperom med heis og gang	24	
SUM	785	845





TEKNISKE INSTALLASJONAR

Bygget skal tilfredstille dei krav og ynskjer som framkjem i programmet.


Ventilasjonsrom for publikumsarealea skal plasserast over deler av rom 301. Ventilasjon for underetasje handterast frå teknisk rom. Det er sett av eit stort areal til tekniske intallasjonar i underetasjen. Ein forutset at denne haldast tett i ein flaumsituasjon.

Basis oppvarming er tenkt som vannbåren varme i alle golv. Behov for solskjerming vert handtert med demping i vindu som er utsette for sterk innstråling. Glassfasaden er vestvendt med stort takutstikk og vil vil vere mindre utsett. Gardiner for solskjerming og akustikk er lagt til grunn.

Belysningsarmatur og styring er ikkje teke stilling til, anna enn at det lyt vere tilpassa rommet sin funksjon. I dei store fellesromma skal ljuset undebygge dei arkitektoniske intensjonane og bidra til å skape den stemninga; ein glimt av det heilage. Dimmbar belysning, ute som inne, er ein føresetnad.

Lydanlegg kan dels integrerast, skal utviklast ilag med brukarane. Viktig med fleksibilitet for ulike typar arrangement. Skip og torg er tilrettelagt slik at rigging for konsert osv skal vere enkelt.

TORGET OG UTEPlassen SETT FRÅ BAKRE DEL AV SKIPET




SNITT NORD-SØR 1 : 200

Den lange takrenna skal leia vatnet ut i dammen som ein "regn-skulptur". Om, og korleis, dette kan gjerast må avklarast. Det er også lagt til rette for eit førdrøyingsmagasin i bakkant av bygget.

Snittet syner "tårnet" som er ein "lyskasse" på taket. Denne tar inn dagsljuset og leiar det ned i koret, men den kastar også ljøs ut i natta frå rommet inne.

Framlegget syner korleis ein kan plassere klokka, eller klokken i denne kassen på taket. Dei skal naturlevis kasta lyden mest ut, og minst inn.

Her ser ein også korleis etasjen oppe kan nyttast, at torget har stor takhøgde og at kafeen nede har ein meir intim atmosfære.



SNITT AUST-VEST 1 : 200

Ved å leggja golvet på + 153 treffer bygningen terrenget nokså høveleg på fleire sider. Snittet syner også at det vert noko inngrep i berget mot aust.

Eit hovudpoeng med grepet, er å ta vare på knausen mot vest, den er romdannande for uteplassen under det utragande taket, den "tek ned" høgda av bygningen og let den vere tettare på skaparverket.

HØGD I KJELLAREN

Det har vore drøfta om kjellaren burde ha større takhøgde. Føremøn med dette ville vera at den er meir fleksibel til bruk i samband med ballspel td.

I framlegget kjem det fram at byggtknisk bør det ikkje vere noko i ve-gen for å byggja den med golv på +148 eller lågare.

Snittet syner tilførsel til kjellaren frå sør.

I bakgrunnen ser ein den fine haugen i vest som skal vernast om.